



Deler av koret under ein tidlegare konsert i Uskedal kyrkje

Røysterrett for alle er inne i ein aktiv førjulsperiode. Torsdag 26.november vitjar dei Varaldsøy, og koret skal då ha julekonsert i kyrkja der. Dirigent er som vanleg Maria Malmsten, og koret presenterer eit variert og godt program der kjende og kjære juletonar dominerer. Det vert også andre innslag.

Når **Røysterrett for alle** besøker den største av dei 12 kyrkjene i kommunen, har dei med seg eit flott musikkprogram som heilt sikkert vert til stemningsfull glede for folket på øya. Koret framfører 15 nummer, og dei presenterer også to solistar. Det er Gjertrud Sydnes Furdal og Ingvild Toskedal. I tillegg har dei tonefylgje av Haldor Tveit (opphaveleg frå Varaldsøy) på trekkspel på fleire av nummera.

Innimellom koret sitt program vert det også ei viseavdeling med koret sin eigen songar Tor Ivar Hellesøy. I tillegg vert det også allsongar.

Røysterrett for alle vil også syngja i Uskedal kyrkje før jul. Dei deltar på julekonserten som i år er søndag 13.desember kl.19.

Tekst og nett: Thor inge Døssland

Foto: Ola Matti Mathisen